



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG POLITIDEPARTEMENT

St.prp. nr. 10

(1999-2000)

Om endringer på statsbudsjettet og
Svalbard-budsjettet for 1999 under
diverse kapittel administrerte av Justis-
og politidepartementet

*Tilråding frå Justis- og politidepartementet av 19. november
1999, godkjend i statsråd same dagen.*

1 Innleiing

Justisdepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag om endringar i løyvingane under diverse kapittel i statsbudsjettet og Svalbard-budsjettet for 1999. Forslaga om endringar er baserte på rekneskapstal pr. 30. september 1999. Departementet vil streke under at tala for forbruk på dei regelbundne postane berre er prognosar, og at dei endelege rekneskapstala kan vike av ein del frå desse prognosane.

2 Statsbudsjettet

Kap. 410 Herads- og byrettane

Post 01 Driftsutgifter

Rettsstelletts IT- og fagteneste (RIFT) har flytta inn i nye lokale, og Politiets datateneste har teke over dei gamle lokala. Som kompensasjon blir det foreslått å auke løyvinga under kap. 410, post 01 med 193 000 kr mot ein tilsvarende reduksjon under kap. 440, post 01.

I samband med forhandlingar om ny husleigeavtale for Stavanger tinghus er det bestemt at Rogaland statsadvokatembete skal dekkje leige- og driftsutgifter for eigne lokale. Det blir derfor foreslått å redusere løyvinga under kap. 410, post 01 med 362 000 kr mot ein tilsvarende auke under kap. 445, post 01.

Totalt blir det foreslått å redusere løyvinga under kap. 410 post 01 med 169 000 kr.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Posten dekkjer utgifter som etter rettsgebyrlova er inkluderte i rettsgebyret. På bakgrunn av rekneskapstal og pårekna utvikling ut året blir det foreslått å auke løyvinga under kap. 410, post 21 med 7 mill. kr. Vedteke budsjett i 1999 er på 79,9 mill. kr.

Kap. 3410 Rettsgebyr

Post 01 Rettsgebyr

Posten dekkjer inntekter i samband med sivile saker, tinglysing, skjønn, tvangsforretningar, skifte, konkurs m.m. På bakgrunn av rekneskapstal blir det foreslått å redusere løyvinga under kap. 3410, post 01 med 50 mill. kr.

Post 04 Gebyrinntektene til lensmennene

Posten dekkjer i første rekkje gebyra som lensmennene, i eigenskap av namsmenn, krev inn i samband med tvangsforretningar. På bakgrunn av rekneskapstal blir det foreslått å auke løyvinga under kap. 3410, post 04 med 23 mill. kr. Vedteke budsjett for 1999 er på 77,7 mill. kr.

Kap. 414 Domsutgifter

Post 01 Driftsutgifter

Posten dekkjer i hovudsaka godtgjersle til og tapt arbeidsinntekt for meddommarar, lagrettemedlemmer, vitne og dessutan rettsvitne og reiseutgifter til desse. Posten er regelstyrt og blir påverka av saksmengda. På bakgrunn av

rekneskapstal og pårekna utvikling ut året blir det foreslått å auke løyvinga under kap. 414, post 01 med 9 mill. kr. Vedteke budsjett for 1999 er på 47,7 mill. kr.

Kap. 430/3430 Kriminalomsorg i anstalt

Post 21 Spesielle driftsutgifter og post 02 Inntekter frå arbeidsdrifta

Kap. 3430, post 02 dekkjer inntekter frå arbeidsdrifta i fengselsstellet. På bakgrunn av rekneskapstal og pårekna utvikling ut året ser det ut til å bli ein svikt i inntektene.

Det blir foreslått å redusere løyvinga under kap. 3430, post 02 med 1,4 mill. kr, mot ein tilsvarende reduksjon under kap. 430, post 21.

Post 03 Andre inntekter

I 1998-budsjettet blei inntektene under kap. 3430, post 03 Andre inntekter auka med 1,8 mill. kr, som var eit overslag for sal av bustader for tenestemenn ved Ullersmo landsfengsel.

Beløpet på inntektssida blei ikkje konsekvensjustert ut i 1999. Salet er framleis ikkje iverksett, og tidspunktet for eventuelt sal er usikkert.

Det blir foreslått å redusere løyvinga under kap. 3430, post 03 med 1,8 mill. kr for 1999.

Kap. 435/3435 Kriminalomsorg i fridom

Post 01 Driftsutgifter og post 03 Andre inntekter

Kap. 3435, post 03 dekkjer i hovudsaka inntekter i samband med refundert kost og husleige og klientavhengige driftstilskot til hybelhusa frå kommunane og frå fengselsstellet ved overføring av innsette som sonar etter fengselslova § 12. På bakgrunn av rekneskapstal og pårekna utvikling ut året ser det ut til å bli ein svikt i inntektene til hybelhusa.

Det blir foreslått å redusere løyvinga under kap. 3435, post 03 med 0,55 mill kr, mot ein tilsvarende reduksjon under kap. 435, post 01.

Kap 440 Politi- og lensmannsetaten

Post 01 Driftsutgifter og post 21 Spesielle driftsutgifter

Det blir foreslått å overføre 193 000 kr frå kap. 440 Politi- og lensmannsetaten, post 01 til kap. 410 Herads- og byrettane, post 01. Beløpet skal dekkje husleige for Rettsttellets IT- og fagteneste (RIFT). Sjå også omtalen under kap. 410.

Avlytting av mobiltelefonnett

Å leggje til rette for lovleg avlytting av mobiltelefonnett er ei høgt prioritert sak for regjeringa i kampen mot kriminaliteten. Av tekniske grunnar har dette til no ikkje vore mogleg, men regjeringa har denne hausten inngått ei avtale

med Telenor AS og Netcom GSM as om å leggje teknisk til rette for slik avlytting. Dette gjeld systema GSM 900 og DCS 1800. Dette gjer det nødvendig med store investeringar for dei nemnde selskapa. Det er venta at investeringane for dei to selskapa blir på totalt om lag 57,5 mill. kr. Samferdsledepartementet og Justisdepartementet har funne det nødvendig å inngå ei avtale om deling av investeringskostnadene, ved at staten ved Justisdepartementet dekkjer ein tredel av utgiftene (noko under 20 mill. kr). Ein tek sikte på at arbeidet skal vere ferdig innan hausten 2000. Det er ikkje avtalt korleis betaling skal skje, og det er derfor mogleg at store delar av utgiftene først skal betalast i 2000. Av omsyn til raskast mogleg start og best mogleg framdrift av arbeidet finn regjeringa det riktig å foreslå ei tilleggsøyving i 1999. Det som ikkje blir brukt av løyvinga i 1999, blir ført over til 2000 innafor den ordinære grensa på 5 prosent av totalloyvinga på posten, jf. § 7 i løyvingsreglementet.

For at politiet skal ha nytte av dei nye ordningane for avlytting er det og nødvendig med investeringar og oppgradering av eksisterande teknisk utstyr i politiet. Utgiftene til nødvendige oppgraderingar og kjøp i politiet vil bli på om lag 11 mill. kr. Departementet foreslår at 7 mill. kr blir tilleggsøyvde på kap. 440 Politi- og lensmannsetaten, mens restbeløpet blir dekkd innafor rammene til departementet i 2000.

Det blir foreslått å løyve 27 mill. kr på kap. 440 Politi- og lensmannsetaten, post 01 til å dekkje ein tredel av dei pårekna investeringskostnadene og til nødvendig utstyr for politiet.

Ordinært arbeid med asyl- og utlendingssaker

Gjennom heile 1999 har det vore særleg stor tilstrøyming av asylsøkjjarar til landet. Dette har mellom anna ført til at dei ressursane som er sette av til asylsaksbehandling innafor Justisdepartementet sine budsjett for 1999, ikkje har strokke til. Grunnlaget for 1999-budsjettet var eit overslag på 7000 nye asylsøkjjarar. Prognosar tyder at dette talet kan kome opp i 10 000 innan utgangen av året. I tillegg har mønsteret endra seg ved at asylsøkjjarar i større grad enn tidlegare kjem aleine. Dette krev meir ressursar for politiet enn når asylsøkjjarane kjem i grupper eller som familiar.

Også i 1997 og 1998 var tala på asylsøkjjarar relativt høge samanlikna med tidlegare år. For politiet slår dette i 1999 ut i stor auke i kostnader til uttransporteringar.

I samband med Kosovo-krisa kom 6000 kosovo-albanske flyktningar til Noreg. Politiet sine direkte utgifter blei dekte ved ei særleg løyving frå Stortinget, jf. Innst. S.nr. 175 (1998-99) på ca. 19 mill. kr, og har såleis ikkje direkte vore ei budsjettmessig meirutgift for politiet. Kosovo-krisa har likevel hatt ein indirekte verknad på politiet si evne og høve til å ta unna dei ordinære asylsakene, fordi innsatsen i nokre månader blei sett inn på registrering av kosovo-albanarar. Dette kom i tillegg til allereie høge tal på søkjjarar og stort volum på transporteringar ut av landet.

Dei budsjettmessige følgjene av utgreiinga ovanfor er at det blir foreslått ei tilleggsøyving på totalt 36,2 mill. kr. Av dette utgjer indirekte Kosovo-utgifter 7,3 mill. kr på kap. 440, post 01 og 2,9 mill. kr på kap. 440, post 21. I det siste talet er ei innsparing i dei direkte Kosovo-utgiftene på 1,1 mill. kr i samband med tilleggsøyvinga i St.prp. nr. 59 (1998-99) trekt frå. I tillegg kjem 26,0 mill. kr på post 21 som ordinære utgifter til asyl og uttransporteringar. For ei samla

omtale av oppfølginga av St.prp. nr. 59 (1998-99) viser vi til nysalderingsproposisjonen frå Finansdepartementet.

Særleg aksjon for å arbeide ned asylrestansar

Som konsekvens av dei sær s høge tala på asylsøklarar i den seinare tid har det bygd seg opp ein stor restanse av asylsøknader som ikkje er behandla i politiet.

Pr. 1. november 1999 var det over 1700 restansesaker, dvs. saker der asylavhøyr ikkje er gjennomført. Dei som ikkje er avhøyrde, er fordelte på mottak over store delar av landet. Dette har samanheng med manglande kapasitet i transittmottaka og at asylsøklarane må bu ved andre mottak i landet der det er kapasitet til å ta imot på kort sikt. Politiet si gjennomføring av avhøyr blir derfor ekstra ressurskrevjande, mellom anna fordi både polititene stemenn og tolkar får ekstraordinært stort fråvære og lange reiseavstandar.

Det er store menneskelege belastningar og samfunnsmessige kostnader ved at asylsøklarane må vente lenge på behandling av asylsøknaden. Regjeringa meiner vidare at ein må unngå store restansar i politiet på asylområdet når Utlendingsdirektoratet skal overta ansvaret for asylintervjua frå 1.7.2000. Det er såleis no behov for ein sær konsentrert ekstrainsats for å få ned restansane i asylforvaltninga i politiet.

Justisdepartementet legg fram forslag om ein målretta aksjon for å arbeide ned restansane på ein rask og effektiv måte. Av omsyn til asylsøklarane bør aksjonen starte i 1999. Men det er knytt store meirkostnader til dette, som ein ikkje finn rom for innafor budsjetta til Justisdepartementet og Utlendingsdirektoratet. Totalkostnaden er rekna til om lag 32 mill. kr. Av dette gjeld 5,5 mill. kr Utlendingsdirektoratet sitt budsjettkapittel 520 og 27 mill. kr politi- og lensmannsetaten sitt budsjettkapittel 440.

Når det gjeld Utlendingsdirektoratet sin del av utgiftene, viser vi til proposisjon frå Kommunal- og regionaldepartementet.

Av dei 27 mill. kr på kap. 440 kjem om lag 17 mill. kr på post 01, og regjeringa finn det nødvendig å søkje om tilleggsøyving for dette beløpet i 1999.

Prosjektet vil starte i 1999, og det vil etter planen vere avslutta våren 2000. Delar av tilleggsøyvinga på 17 mill. kr vil kunne måtte dekkje utgifter også i 2000. Det som ikkje blir brukt av løyvinga i 1999, blir ført over til 2000 innafor den ordinære grensa på 5 prosent av totalloyvinga på posten, jf. § 7 i løyvingsreglementet.

Aksjonen vil og føre til meirutgifter på kap. 440, post 21 Spesielle driftsutgifter. I hovudsaka vil desse utgiftene kome først i 2000. Departementet vil vurdere løyvingsbehovet på denne posten i samband med behandlinga av revidert nasjonalbudsjett for 2000. Regjeringa vil i denne samanhengen også vurdere ei innsparing som følge av aksjonen på Kommunal- og regionaldepartementet sitt budsjett.

Minnemarkeringa over tidlegare statsminister i Israel Yitzhak Rabin

Tryggingstiltaka i samband med minnemarkeringa over Yitzhak Rabin 1. og 2. november 1999 var eit stort lyft for norsk politi. Leiarar frå mange land deltok i minnemarkeringa, og sær mange av desse kravde eit sær høgt nivå på

beredskapen. I samband med minnemarkeringa blei det høve til mange politiske samtaler mellom anna om fredsprosessen i Midt-Austen. Norsk politi hadde ansvar for tryggleiken rundt alle arrangementa, og det blei meirutgifter på kap. 440, post 01 på om lag 18 mill. kr, som regjeringa finn det nødvendig å søkje om tilleggsøyving for.

I hovudsaka gjeld utgiftene personalkostnader. Den korte tida politiet fekk til planlegging, gjorde det nødvendig å ta i bruk timebetalt overtid i stor grad for å leggje opp tryggingstiltaka på ein forsvarleg måte. Fleire hundre polititeneestemenn og -kvinner var i beredskap i kortare eller lengre tid i samband med alle dei ulike møta og hendingane. Det var Politiets overvakingsteneste, Oslo politidistrikt og nokre andre politidistrikt som hadde med hendingane å gjere. Dei aktuelle politidistrikta måtte og leige inn personell frå andre politidistrikt i tillegg til eigne styrkar for å ha nok mannskap. I tillegg til personellkostnadene var det utgifter til planlegging, førebuing, overnatting og kost for mannskapa, leige av køyretøy, helikopter og dessutan utgifter til IT, samband og materiell.

Totalt blir det foreslått å auke løyvinga på kap. 440 post 01 med 69,107 mill. kr og med 28,9 mill. kr på kap. 440 post 21.

Kap 445 Den høgare påtalemakta

Det blir foreslått å overføre 362 000 kr frå kap. 410, post 01 Herads- og byrettane til kap. 445, post 01 Den høgare påtalemakta i samband med utgifter til husleige for Rogaland statsadvokatembete. Sjå også omtalen under kap. 410.

Kap 3465 Regjeringsadvokaten

Post 01 Erstatning for utgifter i rettssaker

Kap. 3645, post 01 dekkjer inntekter i samband med sakskostnader som staten blir tilkjend i sivile saker. På bakgrunn av rekneskapstal ser det ut til å bli ein auke i inntektene.

Det blir derfor foreslått å auke løyvinga under kap. 3645, post 01 med 1,7 mill. kr.

Kap 466 Advokatutgifter m.m.

Post 01 Driftsutgifter

Utgiftene er regelbundne og blir påverka av saksmengda. Utgiftene dekkjer i hovudsaka salærutgifter og reiseutgifter til advokatar og sakkunnige m.m.

Justisdepartementet vil auke den offentlege salærsatsen med kr 40,- til kr 625,- frå 1.12.99. Stortinget er i St. prp. nr. 1 (1999-2000) orientert om at ein slik auke vil skje før årsskiftet. Ved denne auken i advokatsalæret blir dei samla meirutgiftene på kap. 440 Politi- og lensmannsetaten, kap. 466 Advokatutgifter m.m. og kap. 470 Fri rettshjelp rekna til ein heilårsverknad på ca. 30 mill. kr, som er innarbeidd i St.prp. nr. 1 (1999-2000). Meirutgiftene i 1999 vil bli på om lag 1,3 mill. kr.

På bakgrunn av rekneskapstal og auken i salærsatsen blir det foreslått å auke løyvinga på kap. 466, post 01 med 12 mill. kr.

Kap 470 Fri rettshjelp

Post 71 Fritt rettsråd

På bakgrunn av rekneskapstal og ei pårekna meirutgift i samband med hevinga av advokatsalæret med kr 40,- frå 1.12.99 blir det foreslått å auke løyvinga på kap. 470, post 71 med 12 mill. kr.

Kap 471 Statens erstatningsansvar

Post 70 Erstatning til valdsoffer, overslagsløyving

Løyvinga på posten dekkjer utbetaling av erstatning til valdsoffer og skal mellom anna dekkje tapt arbeidsinntekt, faktiske utgifter og i visse høve tap av forsørgjar. Utgiftene på posten er regelbundne og vanskelege å vurdere.

På bakgrunn av rekneskapstal blir det foreslått å auke løyvinga på kap. 471, post 70 med 5 mill. kr.

Post 71 Erstatningsansvar m.m., overslagsløyving

Løyvinga går til å utbetale erstatningar der det oppstår statleg erstatningsansvar. Utgiftene er regelbundne og vanskelege å vurdere.

På bakgrunn av rekneskapstal blir det foreslått å redusere løyvinga under kap. 471, post 71 med 4 mill. kr.

Kap 475 Bubehandling

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga under posten går i hovudsak til å dekkje utgifter i samband med tvangsoppløysing av aksjeselskap og konkurs, jf. konkurslova § 73. Posten blei i 1999 auka med 10 mill. kr på grunn av nye aksjelover og på bakgrunn av rekneskapstal. Tvangsavvikling skal no skje i buet og betalast over denne posten dersom det ikkje er midlar i buet.

Det låge forbruket gjev grunn til å tru at reglane enno ikkje er tilstrekkeleg kjende, og at forbruket andre halvår vil bli større enn forbruket første halvår.

Rekneskapstala viser eit mindreforbruk, og det blir derfor foreslått å redusere løyvinga under kap. 475, post 01 med 8 mill. kr.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Løyvinga på posten dekkjer utgifter til bubehandling og gransking av bu der det er mistanke om økonomisk kriminalitet. Justisdepartementet reknar med at forbruket under posten knytt til Anders Jahres dødsbu i 1999 vil bli på om lag 13 mill. kr. Dette vil utgjere eit monaleg mindreforbruk i høve til tilgjengeleg løyving på posten. Unytta løyving kan overførast, jf. stikkordet «kan over-

førast». Unytta løyving kan berre overførast til dei to følgjande budsjetterminane. Av den grunn blir 7,7 mill. kr overførte til 2000. Departementet foreslår ikkje å endre løyvinga for 1999.

Kap 476 Eit historisk og moralsk oppgjær med behandlinga i Noreg av den økonomiske likvidasjonen av den jødiske minoriteten under den 2. verdskrigen

Post 72 Erkjenningssyting, overslagsløyving

Løyvinga går til å utbetale erkjenningssyting til personar som i Noreg blei utsette for antijødiske tiltak under 2. verdskrigen. 28.10.99 var det registrert 923 innkomne søknader om erkjenningssyting. Same dato var 890 av desse behandla. 860 var innvilga og 30 avslått. Fristen for å søkje erkjenningssyting er sett til 1.11.99, men det er venta at søknader også vil kome etter at fristen er gått ut. Det totale forbruket på posten er vanskeleg å fastslå.

På bakgrunn av rekneskapstal blir det foreslått å auke løyvinga under kap. 476, post 72 med 60 mill. kr.

3 Svalbard-budsjettet

Kap. 6/kap. 3006 Sysselmannens transportteneste

Sysselmannen disponerer ein båt og to helikopter. Sysselmannen betaler eit fast beløp for stasjonering av helikoptra og i tillegg ein teknisk timepris når helikoptra er i bruk. Etter avtale med den noverande leverandøren av transporttenester skal Sysselmannen ha inntektene dersom transporttenestene blir nytta av andre. Når helikoptra blei leigde ut til statsinstitusjonar, blei desse berre belasta teknisk timepris, dvs. at det er snakk om reine refusjonar. Føringa av desse oppdraga i rekneskapen har til no ikkje vore i tråd med prinsippa om bruttoføring, og desse refusjonane kjem derfor ikkje til syne verken på utgiftssida eller inntektssida. Ved utleige til private verksemdar er det gjort eit påslag utover teknisk timepris. Det er berre påslaga som har vore budsjetterte og førte som inntekter på kap. 3006.

For å rette på denne rekneskapspraksisen og sikre at alle utgifter og inntekter blir førte i rekneskapen, blir det foreslått å endre inndelinga av inntektspostar og løyvingar under kap. 3006. Det blir såleis foreslått å endre nemninga på post 01 frå Inntekter fartøy til Leigeinntekter og post 02 Inntekter helikopter til Refusjonar. Den totale løyvinga knytt til leigeinntekter blir uendra med totalt 1,7 mill. kr, som fullt ut blir løyvd under post 01 Leigeinntekter. Post 02 Refusjonar foreslår departementet å budsjettere med 0 kr, sidan refusjonane varierer frå år til år. Samtidig blir det foreslått ei fullmakt til kap. 3006, post 02, der det blir gitt samtykke til å overskride løyvinga under kap. 6, post 01 tilsvarende det beløpet som blir ført til inntekt under kap. 3006, post 02.

Justis- og politidepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar på statsbudsjettet og Svalbard-budsjettet for 1999 under diverse kapittel administrerte av Justis- og politidepartementet.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere endringar på statsbudsjettet for 1999 i samsvar med eit framlagt forslag.

Tilråding frå Justis- og politidepartementet ligg ved.

Forslag til vedtak om endringer i statsbudsjettet for 1999

Utgifter:

Kap.	Pos t	Formål	Kroner
410		Herads- og byrettane (jf. kap. 3410)	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med	169 000
		frå kr 742 852 000 til kr 742 683 000	
	21	Spesielle driftsutgifter, blir auka med	7 000 000
		frå kr 79 884 000 til kr 86 884 000	
414		Domsutgifter	
	01	Driftsutgifter, blir auka med	9 000 000
		frå kr 47 744 000 til kr 56 744 000	
430		Kriminalomsorg i anstalt (jf. kap. 3430)	
	21	Spesielle driftsutgifter, blir redusert med	1 400 000
		frå kr 39 346 000 til kr 37 946 000	
435		Kriminalomsorg i fridom (jf. kap. 3435)	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med	550 000
		frå kr 112 644 000 til kr 112 094 000	
440		Politi- og lensmannsetaten (jf. kap. 3440)	
	01	Driftsutgifter, blir auka med	69 107 000
		frå kr 5 282 065 000 til kr 5 351 172 000	
	21	Spesielle driftsutgifter, blir auka med	28 900 000
		frå kr 25 779 000 til kr 54 679 000	
445		Den høgare påtalemakta (jf. kap. 3445)	
	01	Driftsutgifter, blir auka med	362 000
		frå kr 59 615 000 til kr 59 977 000	
466		Advokatutgifter m.m.	
	01	Driftsutgifter, blir auka med	12 000 000
		frå kr 236 328 000 til kr 248 328 000	
470		Fri rettshjelp, (jf. kap. 3470)	
	71	Fritt rettsråd, blir auka med	12 000 000
		frå kr 86 368 000 til kr 98 368 000	
471		Statens erstatningsansvar	

St.prp. nr. 10

12

Om endringer på statsbudsjettet og Svalbard-budsjettet for 1999 under diverse kapittel administrerte av Justis- og politidepartementet

	70	Erstatning til valdsoffer, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	5 000 000
		frå kr 39 803 000 til kr 44 803 000	
	71	Erstatningsansvar m.m., <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med	4 000 000
		frå kr 47 756 000 til kr 43 756 000	
475		Bubehandling	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med	8 000 000
		frå kr 21 918 000 til kr 13 918 000	
476		Kap 476 Eit historisk og moralsk oppgjær med behandlinga i Noreg av den økonomiske likvidasjonen av den jødiske minoriteten under den 2. verdenskrigen	
	72	Erkjenningssyting, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	60 000 000
		frå kr 70 000 000 til kr 130 000 000	

Inntekter:

Kap.	Pos t	Formål	Kroner
3410		Rettsgebyr (jf. kap. 410 og 462)	
	01	Rettsgebyr, blir redusert med	50 000 000
		frå kr 947 654 000 til kr 897 654 000	
	04	Gebyrinntektene til lensmennene, blir auka med	23 000 000
		frå kr 77 665 000 til kr 100 665 000	
3430		Kriminalomsorg i anstalt (jf. kap. 430)	
	02	Inntekter frå arbeidsdrifta, blir redusert med	1 400 000
		frå kr 39 194 000 til kr 37 794 000	
	03	Andre inntekter, blir redusert med	1 800 000
		frå kr 10 718 000 til kr 8 918 000	
3435		Kriminalomsorg i fridom (jf. kap. 435)	
	03	Andre inntekter, blir redusert med	550 000
		frå kr 2 201 000 til kr 1 651 000	
3465		Regjeringsadvokaten (jf. kap. 465)	
	01	Driftsutgifter, blir auka med	1 700 000
		frå kr 2 356 000 til kr 4 056 000	

II**Endringer på Svalbard-budsjettet**

På Svalbard-budsjettet for 1999 blir det gjort desse endringane under kap. 3006 Sysselmannens transportteneste:

1. Nemninga på post 01 blir endra frå Inntekter fartøy til Leigeinntekter.
2. Løyvinga på post 01 blir auka med kr 1 500 000 frå kr 200 000 til kr 1 700 000.
3. Nemninga på post 02 blir endra frå Inntekter helikopter til Refusjonar.

4. Løyvinga på post 02 blir redusert med kr 1 500 000 frå kr 1 500 000 til kr 0.

III

Meirinntektsfullmakt på Svalbard-budsjettet

Stortinget samtykkjer i at Justisdepartementet i 1999 kan overskride løyvinga på Svalbard-budsjettet under kap. 6 Sysselemannens transportteneste, post 01 tilsvarande det beløpet som blir ført til inntekt i Svalbard-budsjettet under kap. 3006, post 02 Refusjonar.
